

## Konsekvensutgreiing for tema landskap Detaljreguleringsplan for Botneneset, Masfjorden kommune



Datert: dd.mm.åååå

<b>Prosjekt:</b> Detaljregulering Botnaneset	<b>Rapportdato:</b> dd.mm.åååå Revidert
<b>Fylke:</b> Vestland	<b>Kommune:</b> Masfjorden kommune
<b>Stad:</b> Botnaneset	
<b>Oppdragsgjevar:</b> Masfjorden kommune	<b>Utarbeida av:</b> Mathilde Ilper Johnsen

## Innhald


1. Innleiing .....	3
2. Samandrag .....	3
3. Definisjon av tema landskap .....	4
4. Lokalisering og avgrensing .....	4
1. Alternativ som skal utgreiast .....	5
2. Metode .....	7
2.1 Datagrunnlag og usikkerheit .....	10
3. Inndeling i delområde .....	11
4. Verdisetting for kvart delområde .....	16
4.1 Delområde 1: .....	16
4.2 Delområde 2: .....	17
4.3 Delområde 3: .....	19
4.4 Oppsummering verdier .....	20
5. Vurdere påverknad og konsekvens for kvart delområde .....	22
5.1 0 – alternativet .....	22
5.2 Alternativ 1 .....	25
5.2.1 Delområde 1 .....	25
5.2.2 Delområde 2 .....	27
5.2.3 Delområde 3 .....	29
7.1.1 .....	31
8. Samla konsekvens for landskap .....	32
9. Skadereduserande tiltak .....	33
10. Usikkerheit .....	33
11. Kjelder .....	33

## 1. Innleiing

I følgje lov og forskrift skal konsekvensutgreiinga inngå som ein integrert del av reguleringsplanarbeidet og skal vera ein del av avgjerdsgrunnlaget for planen. Føremålet med konsekvensutgreiingar er å gjere klart om planar og tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Føremålet med KU for landskap er å synleggjere landskapet sin karakter og verdi og korleis utbyggingsalternativa vil påverke desse verdiane. Nær og fjernverknad/ eksponering av tiltaka skal visualiserast.

## 2. Samandrag

Det er definert tre landskapsrom i tilknytning til planområdet. To av disse er gitt noko verdi då sjølve neset utgjør ein visuell markør i landskapet og dei opne markene syner ein visuell kvalitet i form av eit godt skjøtta kulturlandskap. Prestebustaden med tilhøyrande hageanlegg bidrar også til at denne delen av planområdet får noko verdi. Dei sørlegaste delane av planområdet er gjeve ubetydeleg verdi fordi det ikkje er spesielle landskapskvaliteter eller element i dette landskapsrommet.



Nr.	Delområde	Type/grunnlag for vurdering	Verdi
1	Nordre botnevika	Kulturlandskap/åpent fjordlandskap	Noko
2	Sørre botnevika	Kulturlandskap/åpent fjordlandskap	Noko
3	Bjørkeneset	Åpent fjordlandskap	Ubetydeleg

Delområde 1 og 2 vert noko påverka med omsyn til både fjern og nærverknad, då det vil byggast relativt tett i eit område som i dag framstår som grønt og ope. Samstundes er bygga vurdert tilpassa terreng og omgjevnader, slik at den negative verknaden vert avgrensa.

Delområde 3 er ikkje vurdert å verte påverka med omsyn til terreng og landskap, då regulert fortau vil vere tilpassa eksisterande veg og ikkje krevjar nemneverdig terrenginngrep.

Nr.	Delområde	Verdi	0-alt	Alternativ 1
1	Søre Botnevik	N	0	Ubetydeleg til noko miljøskade (0/-)
2	Nordre Botnevik	N	0	Ubetydeleg til noko miljøskade (0/-)
	Bjørkeneset	U	0	Ubetydeleg forringa (0)
Vektlegging av enkelte delområde				Ingen vektlegging
Samla verknadar				Det er ikkje planlagt andre inngrep, så vidt kjent
Samla konsekvens for landskap				Ubetydeleg konsekvens
Grunngjevnad av konsekvens				

### 3. Definisjon av tema landskap

Den europeiske Landskapskonvensjonen definerer landskapet slik:

*«Landskap betyr et område, slik folk oppfatter det, der særpreget er et resultat av påvirkning fra og samspill mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer»*


Det gjeld eit geografisk område

- Det må vere tydeleg i folks bevissthet
- Det omfattar heilskapen av natur og kultur

### 4. Lokalisering og avgrensing

Planområdet består av Botneset samt delar av fv.570 Austfjordvegen, frå Sandnes skule og sør mot Bjørkeneset. Planområdet ligg like sør for senterområde Sandnes og er vendt nordvestover mot Sandnesosen. Planområdet er åpent og småkupert, og ligg som ein flatare sone langs fjordkanten med Botnefjellet i «ryggen» mot sørvest.

Områda rundt består av spreidd småhusbebyggelse, skule med leikeområde, landbruksareal, strandsone med svaberg og fjøre, samt større og mindre felt med skog.



*Figur 1: Oversikt over plan og influensområdet. Influensområde er dei områda krav tiltak vil vera synleg i frå. Kraftig raudfarge indikerer område der store delar av massedeponiet er synleg (mange punkt er synleg), medan svakare farge indikerer område der berre nokre/deler nokon delar er synleg (få punkter er synleg). Synlegheitsanalyse er utarbeida ved hjelp av Qgis. Analysen tek ikkje omsyn til vegetasjon.*

## **1. Alternativ som skal utgreiast**

**0 alternativet:** 0 – alternativet er ei vidareføring av dagens bruk. Dette inneber at areala innanfor planområdet/ utgreiingsområde vert vidareført som ubebygd.





Figur 2: Alternativ 0 vil innebære at Botnaneset vert liggande slik det gjer i dag.

**Alternativ 1:** Reguleringsplanen legg opp til etablering av nye bustader på Botnaneset i form av konsentrert småhusvære. Planen inkluderer òg tiltak for mjuke trafikantar langs fv.570 Austfjordvegen og omlegging av kryss mot Botnaneset.

*Figur 3: Legg inn utsnitt av illustrasjonsplan.*

## 2. Metode

For å kunne vurdere fordelar og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket fører til. Ein føresetnad for konsekvensutgreiingar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Gjennom kunnskap om desse samanhengane kan konsekvensane av eit tiltak eller ein plan gjerast greie for.

tre omgrep står sentralt når det gjeld vurdering og analyse av konsekvensar for nye tiltak:

- **Verdi:** Vurdering av kor verdifullt eit område/miljø er i høve til fagtema. Verdi vert uttrykt gjennom tilstand, eigenskap og utviklingstrekk for fagtema. Verdien vert fastsett etter utan betyding – noko – middels – stor – svært stor. Verdi kan ha nasjonal, regional eller lokal betyding.
- **Påverknad** er mål på kor store endringar tiltaket kan medføre for fagtema, etter skala sterkt forringa – forringa – noko forringa – ubetydeleg forringa - forbetra. Påverknad vert vurdert opp mot referansesituasjonen (nullalternativet).
- **Konsekvens** er fastsett ved samanstilling av verdi og påverknad for eit område. Ved å samanstille verdi og påverknad i konsekvensvifta er det gitt ein konsekvens for tiltaket for det aktuelle fagtema. Føremoner og ulemper er deretter samanlikna med 0-alternativet.

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i Miljødirektoratets rettleiarar for Konsekvensutgreiingar M-1941. Metoden er delt inn i 6 steg:

### Steg 1: Inndeling i delområde

Planområdet er delt inn i delområde for vurdering av landskap. Delområda er inndelt etter tydeleg landskapskarakter der landskapskarakter er samspel mellom området sitt naturgrunnlag, arealbruk, historie og kulturelle innhald, samt romlege og visuelle tilhøve.

### Steg 2: Sette verdi i kvart delområde

I denne fasen er landskapsverdien til det enkelte delområde vurdert og grunngjeve verbalt med utgangspunkt i eit fastlagt kriteriesett i rettleiaren. Delområde blir gjeve ein verdi basert på en 5-delt skala etter M-1941. Verdien vert fastsett etter utan betyding – noko – middels – stor – svært stor. Verdi kan ha nasjonal, regional eller lokal betyding. Alle delområda skal framstillast på eit verdikart.

### Steg 3: Vurdere påverknad for kvart delområde


I dette steget blir det vurdert i kva grad kvart enkelt delområde blir påverka av planane eller tiltaket. Landskapsanalysen som er gjennomført i dei føregåande fasane skal no nyttast til å vurdere påverknad av tiltak i planen. Dette inneberer å vurdere kva konsekvensar

utbyggingsområdet vil få for landskapskarakteren i det råka delområdet. Disse tilhøva skal vurderast:

- Arealbeslag, terrenginngrep og endringar i landskapets fysiske innhald
- Tiltakets utforming, lokalisering og arkitektonisk utforming der det er relevant
- Påverknad på romlege og funksjonelle mønstre og samanhengar i landskapet
- Synlegheit og visuelle forhold, inkludert avstand til tiltaket/landskapsendringa, tiltakets/landskapsendringas utstrekning og skala, og opplevinga av nøkkelement i landskapet

#### Steg 4: Vurdere konsekvens for kvart delområde

Konsekvensgraden for landskap skal først setjast fast for hvert delområde. Konsekvens vert fastsett ved samanstilling av verdi og påverknad for eit område. Negativ konsekvens er knytt til verdiforringing av eit område, medan positiv konsekvensgrad føreset ein verdiauke etter at tiltaket er realisert. Skala går frå 4 minus til 4 pluss. Føremøner og ulemper kan deretter samanliknast med 0-alternativet



Figur 4: Konsekvensvifte jf. M-1941. Sammenstilling av verdi langs x-aksen og grad av påvirkning langs y-aksen.



Tabell 1: Skala og rettleiing for konsekvensvurdering av delområde.

Skala	Konsekvensgrad	Beskrivelse (sammenlignet med nullalternativet)
-----	Svært alvorlig miljøskade	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for området. Gjelder kun for områder med stor eller svært stor verdi.
----	Alvorlig miljøskade	Alvorlig miljøskade for området
---	Betydelig miljøskade	Betydelig miljøskade for området
--	Noe miljøskade	Noe miljøskade for området
-	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
0	Ubetydelig miljøskade	Ingen eller ubetydelig miljøskade for området
+ / ++	Noe miljøforbedring. Betydelig miljøforbedring	Miljøgevinst for området. Noe forbedring (+) eller betydelig forbedring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbedring. Svært stor miljøforbedring	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbedring. Benyttes i hovedsak der områder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket

### Steg 5: Vurdere konsekvensar for landskap

Resultata frå konsekvensvifta og tilhøyrande grunngiving for konsekvensgrad for kvart enkelt delområde blir nytta til ein samla vurdering av konsekvensgrad for planen eller tiltaket har på kvart miljøtema, som er samanlikna med nullalternativet. Dersom det føreligg ulike alternativ, blir det oppgitt ein samla konsekvensgrad per alternativ. Konsekvensgraden for miljøtemaet blir vurdert på ein skala frå positiv til kritisk negativ:

Tabell 2: Skala og rettleiing for konsekvensvurdering av miljøtema.

Konsekvensgrad	Kriterier for konsekvensgrad
Kritisk negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad <b>svært alvorlig miljøskade</b> (-----), og i tillegg store samlede virkninger. Brukes unntaksvis.
Svært stor negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har høy konfliktgrad. Det er delområder med konsekvensgrad <b>svært alvorlig miljøskade</b> (-----), og ofte flere/mange områder med <b>alvorlig miljøskade</b> (---). Vanligvis store samlede virkninger.
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Ofte vil flere delområder ha konsekvensgrad <b>alvorlig miljøskade</b> (---).
Middels negativ konsekvens	Ingen delområder med de høyeste konsekvensgradene, eller disse er vektet lavt. Delområder med konsekvensgrad <b>betydelig miljøskade</b> (--) dominerer.
Noe negativ konsekvens	Kun en liten del av alternativets område har konflikter. Ingen delområder har de høyeste konsekvensgradene, eller disse er vektet lavt. Vanligvis vil konsekvensgraden <b>noe miljøskade</b> (-) dominere.
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlige endringer sammenlignet med nullalternativet. Det er få konflikter og ingen konflikter med de høyeste konsekvensgradene.
Positiv konsekvens	Totalt sett er alternativet en forbedring for temaet sammenlignet med nullalternativet. Det er delområder med positiv konsekvensgrad og kun få delområder med lave negative konsekvensgrader. De positive konsekvensgradene oppveier klart delområdene med negativ konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med lave negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

## Steg 6: Samanstilling av konsekvensar for alle klima- og miljøtema

Konsekvensutgreiinga omfattar fleire klima og miljøtema:

- Friluftsliv
- Landskap
- Klimagassutslepp
- Naturmangfald
- Hydrologi

I planomtalen er konsekvensvurderinga for kvart utgreiingstema oppsummert. Konsekvensen for alternativa for kvart fagtema skal samanstillast i ein samla tabell. Til slutt er det gjort ei samla avveging av verknadane som følgje av planframlegget.

### **2.1 Datagrunnlag og usikkerheit**


Verdivurderinga er henta frå den overordna landskapsanalysen til Os kommune (Bjørnafjorden vest). Vurderinga av påverknad av tiltaket er basert på planframlegget (planomtale, illustrasjonsplan, 3d modellar og illustrasjonar av massedeponiet), samt ei analyse av fjernverknad og nærverknad. KU for landskap er vidare basert på landskapsfagleg kunnskap om området, analyser i kart, foto, saman med synfaring i området. Geografiske informasjonssystem (GIS) er nytta som grunnlag for kartlegging av data.

Utgreiinga bygger på tilgjengelege rapportar og kart:

- Markslagsbasen (AR5)
- Data frå Naturbase
- Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland (2011).
- NiN Landskapstyper (miljødirektoratet.no)
- KPA Masfjorden kommune
- Gjeldande reguleringsplanar
- Grunnkartdata (FKB og N20)

### 3. Inndeling i delområde

Området er delt inn i tre delområder som dekker hele planområdet, samt nærliggende landskap. Delområdene er delt inn etter topografi, vegetasjon, bebyggelse og landskapskarakter.



*Oversiktskart over alle tre delområder.*



**Delområde 1:** Nordre Botnevika dannar eit tydeleg landskapsrom avgrensa av terrengryggen på Botneset i sørvest og av bebyggelse og eit mindre nes i nord. Området er prega av skog, skulebygg med tilhøyrande anlegg og noko småhusbebyggelse. Delområdet har ikkje spesielle visuelle kvalitetar. Delområdet har utbygging i strandsona i form av småbåtanlegg og naust, og i dette delområdet ligg skulen, uteareal og nokre einebustader.



*Figur 5. Avgrensing av delområde 1. Her er nordsida av neset inkludert, bukta med småbåtanlegg og skuleområdet med noko bustadbebyggelse. Bukta gjer ein naturleg avgrensing, samt areal med dyrka mark og terrenget opp mot fjellet der det er bebyggelse.*



*Figur 6. Frå toppen av terrengryggen på Botneset ser man mot skuleområdet.*



**Delområde 2** består av delen av Botnaneset som ligg sørvest for terrenngryggen, inkludert Søre Botnevika med småhusbebyggelse. Søre Botnevika dannar eit tydeleg landskapsrom avgrensa av ytste delen av Botnaneset i nord og av eit mindre nes i sør.



*Figur 7. Delområde 2 består av bukta på sørvestsida av neset, avgrensa av skogen bak bebyggelsen i sør og den tydelige bukta ut mot Høstelandsundet.*



*Figur 8. Frå bak prestegardshagen ser man mot bukta i sørvest.*



**Delområde 3** består av flata som går frå fylkesvegen og ned mot fjorden som framstår som eit einheitleg landskap som vender seg mot sjø utan større buktar eller nes og som har noko skogvegetasjon og noko småhusbebyggelse. Mot vest går det tydeleg ein knekk i terrenget som er ein naturleg avgrensing av delområdet.



*Figur 9. Delområde 3 er avgrensa mot vest der strandsona har ein tydeleg knekk ved eksisterande naustrekke. Mot sør er det dyrka mark og veg som gjer ein naturleg avgrensing av dette landskapsområdet.*



*Figur 11. Delområdet består av svaberg og naust i møte med sjø, spreidd bustadbebyggelse, infrastruktur, skog og dyrka mark.*





*Figur 12. Delområdet har et slakt terreng i møte med sjø.*

## 4. Verdisetting for kvart delområde

### 4.1 Delområde 1: Nordre Botnevik

Verdikategori	Verdivurdering
Visuelle kvalitetar	<p>Delområdet har utbygging i strandsona i form av småbåtanlegg og naust, og i dette delområdet ligg skulen, uteareal og nokre einebustader. Neset utgjer ein visuell markør i landskapet og dei opne markene syner ein visuell kvalitet i form av eit godt skjøtta kulturlandskap.</p> <p>VERDI: Noko verdi</p>
Heilskapleg variasjon	<p>Delområdet varierar mellom areal med inngrep og skogkledd åsside ned mot sjø, samt at det er variasjon mellom areal på land og i sjø. Området er vurdert å ha nokon grad av heilskapleg variasjon.</p> <p>VERDI: Utan betydning.</p>
Særpreg	<p>Innanfor delområdet er det ikkje vurdert at det er natur- eller menneskeskapte element som gir særpreg.</p> <p>VERDI: Utan betydning</p>
Byform / bystruktur	<p>Området har ikkje byform/bystuktur, men spreidd bebyggelse.</p> <p>VERDI: Utan betydning</p>
Arkitektur	<p>Det er ikkje bebyggelse innanfor dette delområdet som er vurdert å gje verdi knytt til arkitektur.</p> <p>VERDI: Utan betydning</p>
Totalintrykk	<p>Naturområda sitt møte med sjø, naustmiljø og opne marker gir</p> <p>VERDI: Utan betydning</p>
Representativitet	<p>Landskapstypen som planområdet inngår i er vanleg førekommande i området.</p> <p>VERDI: Utan betydning</p>
Prioriterte landskapsområde	<p>Det er ikkje registrert verna område etter NML §§ 35-39 eller verdifulle landskap innanfor planområdet</p> <p>VERDI: Utan betydning.</p>






Figur 10. Samla verdivurdering for planområdet.

## 4.2 Delområde 2: Søre Botnevik

Verdi aspekt	Verdivurdering
Visuelle kvalitetar	Delområdet har eit møte mot sjø som er urørt, ein tydeleg landskapsrygg bak prestegarden med eit ope terreng ned mot sjø. Prestegarden ligg fint i landskapet og hageanlegget er ein positiv, visuell kvalitet.  VERDI: Noko-middels verdi.
Heilskapleg variasjon	Variasjon mellom bebygd og ubebygd areal, og variasjon mellom terreng på land og sjøen framstår som heilskapleg.  VERDI: Noko verdi
Særpreg	Prestegarden med hageanlegget omkransa av grønne areal utgjer eit særpreg i landskapet på Botneset. Det er elles ikkje naturskapt landskapselement som gir delområdet særpreg i særleg grad.  VERDI: Noko verdi
Byform / bystruktur	Området har ikkje byform/bystuktur, men spreidd bebyggelse.  VERDI: Utan betydning
Arkitektur	Prestebustaden har ein arkitektonisk utforming som er tradisjonelt er typisk for prestebustader, slik at noko av arkitekturen i delområdet er vurdert å ha verdi.  VERDI: Noko verdi
Totalinntrykk	Enkelte landskapselement står fram som viktige element i landskapet, spesielt møtet med sjø og prestegardsbustaden med tilhøyrande hageanlegg.  Natur/rekreasjonsområda sitt urørte møte med sjø, opne kulturlandskap og kulturmiljøet ved prestebustaden med tilhøyrande hage gir eit positivt totalinntrykk.

	VERDI: Noko verdi
Representativitet	Landskapet i dette delområdet er vurdert å være vanlig forekommende i området, men skil seg likevel ut frå dei øvrige delområda på grunn av prestegarden, hageanlegget og landbruksareala rundt og desse elementa sitt møte med sjø.  VERDI: Noko verdi
Prioriterte landskapsområde	Det er ikkje registrert verna område etter NML § 35-39 eller verdifulle landskap innanfor planområdet.  VERDI: Utan betydning.
<p>Delområdet sin verdi er i stor grad knytt til historia i landskapet: Der prestegarden med tilhøyrande kulturlandskap inngår i ein heilskap som gir området ei djupde, variasjon og særpreg av lokal betydning. Samla verdi er sett til noko verdi mot middels verdi.</p>	
	
<p><i>Figur 11. Samla verdivurdering for planområdet.</i></p>	

### 4.3 Delområde 3: Bjørnneset/Juvika

Verdi aspekt	Verdivurdering
Visuelle kvalitetar	Delområdet framstår fragmentert og har ingen spesielle landskapselement eller arkitektoniske kvalitetar.  VERDI: Utan betydning.
Heilskapleg variasjon	Delområdet har noko inngrep i strandsona, spreidde bustader og veger som fragmenterer dei grønne areala. Delområdet har ikkje noko særleg heilskapleg variasjon.  VERDI: Utan betydning.
Særpreg	Delområdet er ikkje vurdert å ha landskapselement som gir det særpreg.  VERDI: Utan betydning.
Byform / bystruktur	Arealet har spreidd bustadbebyggelse og ikkje byform/bystruktur.  VERDI:
Arkitektur	Det er ikkje arkitektoniske kvalitetar i bustadbebyggelsen som kan seiast å gje delområdet verdi knytta til arkitektur. VERDI:
Totalinntrykk	Det er ikkje element eller landskapsmessige kvalitetar ved dette delområdet som kan seiast å gje noko positiv uttelling knytt til totalinntrykk.  VERDI:
Representativitet	Landskapet i delområdet er representativt for denne delen av kommunen.  VERDI: Utan betydning.
Prioriterte landskapsområde	Det er ikkje registrert verna område etter NML § 35-39 eller verdifulle landskap innanfor planområdet.  VERDI:



Figur 12. Samla verdivurdering for planområdet.


#### 4.4 Oppsummering verdier

Delområde 1 består av den nordaustlege delen av sjølve Botneset, Nordra Botnevika og noko forbi skulen. Nordre Botnevika dannar eit tydeleg landskapsrom avgrensa av terrengryggen på Botneset i sørvest og av bebyggelse og eit mindre nes i nord. Området er prega av skog, skulebygg med tilhøyrande anlegg og noko småhusbebyggelse. Delområdet har ikkje spesielle visuelle kvalitetar. Delområdet har utbygging i strandsona i form av småbåtanlegg og naust, og i dette delområdet ligg skulen, uteareal og nokre einestader. Det er ingen landskapsformasjonar, landemerkar eller andre natur- eller menneskeskapte kvalitetar i dette delområdet som gjer det verdi. Samla verdi er sett til ubetydeleg verdi.

Delområde 2 er avgrensa til å omfatte Søre Botnevika med naust, bryggeanlegg og småhusbebyggelse, prestegarden med tilhøyrande kulturlandskap. Området har vidt utsyn mot Sandesosen og Fensfjorden og er ein del av et større ope fjordlandskap. Delområdet sin verdi er i stor grad knytt til historia i landskapet: Der prestegarden med tilhøyrande kulturlandskap inngår i ein heilskap som gir området ei viss djupde, variasjon og særpreg av lokal betydning. Samla verdi er sett til noko verdi.

Delområde 3 består av flata som går frå fylkesvegen og ned mot fjorden som framstår som eit einheitleg landskap som vender seg mot sjø utan større buktar eller nes og som har noko skogvegetasjon og noko småhusbebyggelse. Mot vest går det tydeleg ein knekk i terrenget som er ein naturleg avgrensing av delområdet. Området har vidt utsyn mot Sandesosen og Fensfjorden og er ein del av et større ope fjordlandskap. Delområdet er vurdert til ubetydeleg verdi. Landskap med få verdier i lokal samanheng.





Figur 13: Verdikart.

Nr.	Delområde	Type/grunnlag for vurdering	Verdi
1	Nordre botnevika	Kulturlandskap/åpent fjordlandskap	Noko
2	Sørre botnevika	Kulturlandskap/åpent fjordlandskap	Noko
3	Bjørkeneset	Åpent fjordlandskap	Ubetydeleg

## 5. Vurdere påverknad og konsekvens for kvart delområde

### 5.1 0 – alternativet


0-alternativet er det alternativet som gjeld dersom området på Botneset ikkje vert bygd ut, og areala vert liggande slik dei er i dag.

#### 5.1.1 Delområde 1: Nordre Botnevika


Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad og konsekvens av 0-alternativet
<b>Delområde 1</b>		<p><u>Arealbeslag:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje arealbeslag.</p> <p><u>Skala/dimensjoner:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje utbygging, slik at skala og dimensjonar ikkje er aktuelt å vurdere.</p> <p><u>Visuell fjernverknad:</u> 0-alternativet vil ikkje endre den visuelle fjernverknaden i området, då terreng og landskap vil ligge slik det gjer i dag.</p>
<b>Samla påverknad</b>		<p><u>Samla påverknad på landskapskarakter</u></p> <p>Delområdet har ikkje spesielle visuelle kvalitetar, men utgjer eit tydeleg landskapsrom avgrensa av terrengryggen sørvest på Botneset og av bebyggelse og eit mindre nes i nord. Ved 0-alternativet vert området liggande som i dag, og det vil ikkje skje nokon påverknad.</p> <p>Samla påverknad for 0-alternativet for delområde 1 er sett til <b>ubetydeleg forringa</b>.</p> <div style="text-align: center;"> </div>
<b>Konsekvens</b>		<p><b>Konsekvens:</b> Noko verdi og ubetydeleg påverknadgjer iht. konsekvensvifta <b>ubetydeleg miljøskade for delområdet (0)</b>.</p>

#### 5.1.2 Delområde 2: Søre Botnevika

Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad og konsekvens av 0-alternativet
<b>Delområde 2</b>		<p><u>Arealbeslag:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje arealbeslag.</p> <p><u>Skala/dimensjoner:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje utbygging, slik at skala og dimensjonar ikkje er aktuelt å vurdere.</p>

		<p><u>Visuell fjernverknad:</u> 0-alternativet vil ikkje endre den visuelle fjernverknaden i området, då terrenget og landskap vil ligge slik det gjer i dag.</p>
<b>Samla påverknad</b>		<p><u>Samla påverknad på landskapskarakter</u></p> <p>Delområdet sin verdi er primært knytt terrenget sitt møte med sjø, opne felt med skjøtta kulturlandskap og prestebustaden med tilhøyrande hageanlegg. 0-alternativet er ikkje i konflikt med desse verdiane.</p> <p>Samla påverknad for 0-alternativet for delområde 2 er sett til <b>ubetydeleg forringa</b>, då området vil ligge som det gjer i dag dersom reguleringsplanen ikkje vert realisert.</p> 
<b>Konsekvens</b>		<p><b>Konsekvens:</b> Noko verdi og ubetydeleg forringa gjer iht. konsekvensvifta <b>ubetydeleg miljøskade for delområdet (0)</b>.</p>

### 5.1.3 Delområde 3: Bjørkevika/Juvika

Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad og konsekvens av 0-alternativet
<b>Delområde 3</b>		<p><u>Arealbeslag:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje arealbeslag.</p> <p><u>Skala/dimensjoner:</u> Ved 0-alternativet vil det ikkje skje utbygging, slik at skala og dimensjonar ikkje er aktuelt å vurdere.</p> <p><u>Visuell fjernverknad:</u> 0-alternativet vil ikkje endre den visuelle fjernverknaden i området, då terrenget og landskap vil ligge slik det gjer i dag.</p>
<b>Samla påverknad</b>		<p><u>Samla påverknad på landskapskarakter</u></p> <p>Samla påverknad for 0-alternativet for delområde 3 er sett til <b>ubetydeleg forringa</b>, då området vil ville som det gjer i dag dersom reguleringsplanen ikkje vert realisert.</p> 



<b>Konsekvens</b>	<b>Konsekvens:</b> Ubetydeleg verdi og ubetydeleg verknad gjer iht. konsekvensvifta <b>ubetydeleg miljøskade for delområdet (0).</b>
-------------------	--

## 5.2 Alternativ 1


Konsekvensvurdering av alternativ 1 er vurdering av konsekvensane for kvart delområde ved realisering av reguleringsplanforslag for Botnaneset.


### 5.2.1 Delområde 1: Nordre Botnevika



Figur 14. Ortofoto av delområde 1.

Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad
<b>Delområde 1</b>		<p><b>Arealbeslag:</b> Det vil skje noko arealbeslag i samband med infrastruktur (justering av kryss), og bebyggelsen vil vere synleg i ytterkant av dette delområdet. Det er berre ein svært liten del av dette delområdet der det vil skje arealbeslag.</p> <p><b>Skala/dimensjoner:</b> Ny bebyggelse og infrastrukturtiltak er skalatilpassa med omsyn til landskap og eksisterande bebyggelse. Åsryggen på sjølve neset vert bebygd. Husa er samstundes plassert langs med terrengkoter og er gjeve ein utforming som ikkje bryt vesentleg med eksisterande terrengformasjonar.</p> <p><b>Visuell fjernverknad:</b> Bygga vil vere synleg frå både dette delområdet og frå andre delområde og sjø. Dei er likevel gjeve ein plassering og utforming som minimerer den visuelle</p>

	fjernverknaden.
<p><b>Samla påverknad</b></p>	<p><u>Samla påverknad på landskapskarakter</u>          Delområdet har ikkje spesielle visuelle kvalitetar, men utgjer eit tydeleg landskapsrom avgrensa av terrengryggen sørvest på Botnaneset og av bebyggelse og eit mindre nes i nord. Ved føreslått utbygging vil terreng og landskap verte påverka i nokon grad, då den markante terrengryggen vert bebygd. Justering av kryss mot fylkesvegen vil òg gje noko nærverknad, men er lagt i terrenget på ein slik måte at det ikkje er trong for større skjeringar eller fyllingar.</p> 
<p><b>Konsekvens</b></p>	<p><b>Konsekvens:</b> Noko verdi og noko forringa gjer iht. konsekvensvifta <b>ubetydeleg til noko miljøskade for delområde (0/-).</b></p>



## 5.2.2 Delområde 2: Søre Botnevika



Figur 15: Ortofoto av delområdet.

Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad
<b>Delområde 2</b>		<p><u>Arealbeslag:</u> Det vil skje noko arealbeslag i ytterkant av dette delområdet, for bustadbygg og for tilkomstveg, samt fortau opp mot Sandnes skule. Bygga er lagt langs terrengryggen på neset og gjer ikkje beslag på dei næraste areala rundt prestebustaden med tilhøyrande hageanlegg. Mot sjø vert areala halde ope slik at landskapsrommet inne i bukta og opp mot prestebustaden ikkje vert gjort arealbeslag i.</p> <p><u>Skala/dimensjoner:</u> Storleik på og utforming av bygga er tilpassa både terreng og tilgrensande bebyggelse, slik at dei ikkje skal opplevast som dominerande i landskapet.</p> <p><u>Visuell fjernverknad:</u> I dette delområdet vender bebyggelsen seg primært mot sjø, men også delvis mot bebyggelsen langs fylkesvegen. Føreslått bebyggelse vil vere synleg frå sjø. Det er samstundes ikkje trong for større murar eller inngrep som vil bryte med naturlege terrenglinjer og husa vil ha ein storleik og utforming som er tilpassa eksisterande omgjevnader. Eksponeringa mot sjø er difor vurdert å ikkje i særskilt grad gje ein negativ landskapsverknad.</p>



<p><b>Samla påverknad</b></p>		<p><u>Samla påverknad på landskapskarakter</u>          Alternativ 1 planframlegget ivaretar dei lokalt viktigaste landskapselementa i området. Kulturlandskapet i Amundsbotn (med kulturminne) er bevart. Prestegarden med hageanlegg er bevart og prestebustaden vil framleis ha ein sentral posisjon i Søre Botnevika med fritt utsyn mot fjorden. Botneset vil i framtida framleis framstå som eit skogledd nes. Landskapskarakteren vert ikkje vesentleg endra. Vurderinga er at bustadområdet er godt forankra i landskapet, men tek vekk noko visuelt mangfald ved at noko skog og jordbruksareal forsvinn på neset. Bustadar kjem og tettare på prestebustaden. Samla påverknad er sett til noko forringa.</p> <div data-bbox="485 853 1139 1104" style="border: 1px solid black; padding: 5px; margin: 10px 0;"> </div>
<p><b>Konsekvens</b></p>		<p><b>Konsekvens:</b> Noko verdi mot middels verdi og noko forringa gjer iht. konsekvensvifta  <b>Noko miljøskade for delområdet (-).</b></p>




Figur 16. Fotomontasje av ny bebyggelse. Disse er plassert i terrenget slik at dei er tilpassa omgjevnadene på best mogleg måte.


### 5.2.3 Delområde 3: Bjørkeneset/Juvika



6. Figur 17: Ortofoto av delområdet.

Delområde	Verdi	Vurdering av påverknad
<b>Delområde 3</b>		<p><u>Arealbeslag:</u> Det vil skje noko arealbeslag som følgje av regulering av fortau langs fylkesvegen. Fortau vil leggjast på nordvestsiden av fylkesvegen, og samla sett ikkje utgjere særleg arealbeslag. Det er ikkje ubygd areal som vert fragmentert som følgje av tiltak innanfor dette delområdet.</p> <p><u>Skala/dimensjoner:</u> Regulert fortau vil ikkje ha skala eller dimensjonar som påverkar terreng og landskap i nemneverdig grad. Tiltaket vil framstå som ein del av eksisterande veg og ikkje som eit framandelement innanfor delområdet.</p> <p><u>Visuell fjernverknad:</u> Føreslått regulert fortau vil ikkje føre til visuell fjernverknad då det vil ligge langs eksisterande veg og ikkje eksponert mot sjø.</p>
<b>Samla påverknad</b>		<p>Samla påverknad på <u>landskapskarakter</u></p> <p>Tiltaket er forankra i landskapet og eksisterande fylkesveg og gir ikkje negativ fjernverknad eller nærverknad. Samla påverknad er sett til <b>ubetydeleg forringa</b> for dette delområdet.</p> 
<b>Konsekvens</b>		<p><b>Konsekvens:</b> Ingen verdi og ubetydeleg forringa gjer iht. konsekvensvifta <b>ubetydeleg miljøskade for delområdet (0).</b></p>

### 6.1.1 Samanstilling konsekvensvifte



Figur 18: Konsekvensvifte jf. M-1941. Sammenstilling av verdi langs x-aksen og grad av påvirkning langs y-aksen gjer konsekvens.



## 7. Samla konsekvens for landskap

Tabell 3: Oversikt over samla konsekvens for landskap.

Nr.	Delområde	Verdi	0-alt	Alternativ 1
1	Nordre Botnevika	N	0	Ubetydeleg miljøskade (0)
2	Søre Botnevika	N	0	Noko miljøskade (-)
	Bjørkeneset	U	0	Ubetydeleg forringa (0)
Vektlegging av enkelte delområde				Delområde 2 er vektlagt det er her den største miljøskaden oppstår.
Samla verknadar				Det er ikkje planlagt andre inngrep, så vidt kjent.
Samla konsekvens for landskap				<b>Noko negativ</b>
Grunngjevnad av konsekvens				Vurderinga er at bustadområdet er godt forankra i landskapet, men tek vekk noko visuelt mangfald ved at noko skog og jordbruksareal forsvinn på neset. Bustadar kjem og tettare på prestebustaden. Samla påverknad er sett til noko forringa.

## 8. Skadereduserande tiltak

## 9. Usikkerheit

### 10. Kjelder

Vurderingane i analysen er basert på tilgjengeleg dokumentasjon om prosjektet, tilgjengelege faglege vurderingar og rettleiarar:

#### Rapportar:

- Planomtale og føresegner (ABO Plan & Arkitektur)

#### Kart:

- Plankart (ABO Plan & Arkitektur AS)
- Illustrasjonsplan (ABO plan & arkitektur AS)

#### Rettleiarar og rapportar:

- Miljødirektoratets rettleiarar M-1941 konsekvensutredningar for klima og miljø
- Verdivurdering av landskap i Hordaland Fylke (Aurland Naturverkstad, 2011)
- Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland (NIJOS, 2004)
- Nasjonalt referansesystem for landskap - Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner (NIJOS, 2002)

#### Databasar og nettbaserte karttenester:

- Kilden.nibio.no (2023)
- <https://www.fylkesatlas.no/> (2023)
- <https://kommunekart.com/> (2023)
- <https://www.grind.no/> (2023)